



Saksframlegg

Fordeling av kulturmidlar 2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg

Dokument i saka:

18 søknadar

Bakgrunnsmateriale – søknad og forslag til tildeling

Vedlegg:

[1 retningslinjer for tildeling av kulturmidlar](#)

Bakgrunn for saka:

Kvart år delar Fyresdal kommune ut kulturmidlar til ulike lag og foreiningar i kommunen.

Søknadsfristen er 15. mars og det blir annonsert på nettsida til Fyresdal kommune, i kommuneinformasjonen og på kommunens facebook.

I år har det kome inn 18 søknadar frå lag og foreiningar. Eit av laga har søkt etter fristen.

Summen som er avsett til kulturmidlar og som har vore uforandra sidan 2017 er på kr 442 000,-. Tidlegare har det blitt gjort vedtak som får konsekvensar for tildelinga, dette er dei utbetalingane som ligg inne som faste tiltak. (sjå tabell)

I år utgjer dei faste tiltaka totalt kr 242 423 og resten på kr 199 577 (199 500) blir fordelt til lag og foreiningar.

Søknadane blir delt inn i kategoriane: idrettslag, grendehus og andre lag. Barn og unge vil blir prioritert slik det står i retningslinjene som er vedteke.

Fordeling	2023	2024	2025	% 2025
17. mai komitè	6 500	6 500	6 500	
Vest-Telemark Museum	158 873	170 633	175 923	
Idrettsstipend	15 000	15 000	15 000	
Kulturprisen	10 000	10 000	10 000	
Diplom kulturpris +++	5 000	5 000	5 000	
Løypekøyring Veum	30 000	30 000	30 000	
Sum faste tiltak	225 373	237 133	242 423	55 %
Sum fordeling til lag og organisasjonar	216 627	204 867	199 577	45 %
Sum kulturmidlar	442 000	442 000	442 000	100%

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal satse på eit attraktivt og breitt kultur- og fritidstilbod.

Idrettslag:

Det har kome inn fire søknadar i kategorien idrettslag. Fyresdal motorsportklubb har ikkje søkt i år. Det er mange born og unge tilknytt desse laga og dei seiste åra har om lag 70 % av den summen som blir fordelt på lag og foreiningar gått til idrettslaga.

I år blir innstillinga å løyve kr 132 000 til idrettslaga, som er noko under 70 %.

Medlemstala i tabellen under er frå idrettsregistreringa i Vestfold og Telemark Idrettskrets 2023.

Fyresdal skyttarlag er tilknytt Det frivillige skyttervesen og deira medlemstal er frå 2025.

Laga har mange planar og får til mykje på dugnad. Har inntrykk av at store og små stiller opp og gjør så godt dei kan for laget. Laga har god økonomi.

Oversikt over medlemstal og grunnlag til fordeling i kategorien idrettslag

Navn på lag	Medlemstal 6–19 år
Fyresdal Idrettslag	88
Fyresdal Motorsportklubb	Ikkje søkt
Fyresdal Skiskyttarlag	31
Hugljufur Islandshestforening	20
Fyresdal skyttarlag	41
Medlemar til saman	180

Grendehus:

Sju søknadar har kome inn i denne kategorien. Straumutgiftene har vore noko mindre i fjoråret enn dei var i 2023. Sjølv om laga har hatt store utgifter på straum, er årsresultatet for 2024 positivt for nesten alle laga. Aktiviteten i grendelaga er ulik, nokon har aktivitetar og samlingar kvar månad og andre arrangerer nokon få faste aktivitetar gjennom året. Laga melder om at det ikkje er like lett finne aktivitetar som gjer overskot i kassa, men uansett er det mykje positivitet og friviljug arbeid som blir gjort.

Andre lag:

Åtte lag har søkt i denne kategorien. Veum grendelag har søkt etter fristen som var 15. mars og blir difor ikkje prioritert i innstillinga.

Det er færre søknadar i denne kategorien i år enn tidlegare. Laga med flest unge medlemmar vil bli prioritert slik som retningslinene sei og i år er det Fyresdal musikkorps og Fyresdal Jakt- og fiskelag. Dei andre fem laga som har søkt har i hovudsak vaksne medlemmar. Økonomien til laga er noko varierende men omtrent alle hadde eit positivt årsresultat. Det er stor aktivitet og mykje positivt arbeid som gjeng føre seg i desse laga.

Konklusjon:

På bakgrunn av innkomne søknadar, gjer ein fylgjande fordeling av kulturmidlar for 2025:

Idrettslag	2023	2024	Søkt 2025	2025 Born under 19 år
Fyresdal idrettslag	63 200	52 000	60 000	60 000
Fyresdal motorsportklubb	23 800	28 000	Ikkje søkt	-----
Fyresdal skiskytterlag	16 800	16 000	50 000	25 000
Fyresdal skytterlag	23 800	26 000	30 000	30 000
Hugljufur Islandshestforening	16 800	12 000	25 000	17 000
Sum idrettslaga	144 400	134 000		132 000

Grendelag	2023	2024	Søkt 2025	2025
Hauggrend grendelag	4 600	4 000	10 000	5 000
Heggland grendelag	4 600	4 000	5 000	5 000
Kilegrend grendelag	4 600	4 000	6 000	5 000
Kleivgrend grendelag	4 600	4 000	5 000	5 000
Åsland grendelag	4 600	4 000	5 000	5 000
Veum grendehus (skiskytterlaget)	4 600	4 000	Ikkje spesifisert	5 000
Vestkanten grendelag	4 600	4 000	5 000	5 000
Sum grendelaga	32 200	28 000		35 000

Andre lag	2023	2024	Søkt 2025	2025
Dalen fotoklubb	0	1 000	10 000	2 500
Fyresdal musikkorps	7 500	7 000	10 000	9 000
Fyresdal Røde Kors	2 000	2 000	15 000	3 000
Førsdal bygdekor	2 000	2 000	15 000	3 000
Roan 4H	7 500	7 000	Ikkje søkt	-----
Fyresdal pensjonistlag	2 000	2 000	3 000	3 000
Veum grendelag	2 000	4 000	6 000	0
Fyresdal Jakt- og fiskelag	7 500	7 500	30 000	9 000
Fyresdal bygdekvinnelag	2 000	2 000	5 000	3 000
Bullseye dartklubb	7 500	7 500	Ikkje søkt	-----
Vrådal og Fyresdal målarklubb	Ikkje søkt	1 000	Ikkje søkt	-----
Sum andre lag	40 000	43 000		32 500

Innstilling frå kommunedirektøren:

Kulturmidlar til lag og organisasjonar for 2025 fordelast slik:

Idrettslag	Søkt 2025	2025 Born under 19 år
Fyresdal idrettslag	60 000	60 000
Fyresdal motorsportklubb	Ikkje søkt	-----
Fyresdal skiskytterlag	50 000	25 000
Fyresdal skyttarlag	30 000	30 000
Hugljufur Islandshestforening	25 000	17 000
Sum idrettslaga		132 000

Grendelag	Søkt 2025	2025
Hauggrend grendelag	10 000	5 000
Heggland grendelag	5 000	5 000
Kilegrend grendelag	6 000	5 000
Kleivgrend grendelag	5 000	5 000
Åsland grendelag	5 000	5 000
Veum grendehus (skiskytterlaget)	Ikkje spesifisert	5 000
Vestkanten grendelag	5 000	5 000
Sum grendelaga		35 000

Andre lag	Søkt 2025	2025
Dalen fotoklubb	10 000	2 500
Fyresdal musikkorps	10 000	9 000
Fyresdal Røde Kors	15 000	3 000
Førdsdal bygdekor	15 000	3 000
Roan 4H	Ikkje søkt	-----
Fyresdal pensjonistlag	3 000	3 000
Veum grendelag	6 000	0
Fyresdal Jakt- og fiskelag	30 000	9 000
Fyresdal bygdekvinnelag	5 000	3 000
Bullseye dartklubb	Ikkje søkt	-----
Vrådal og Fyresdal målarklubb	Ikkje søkt	-----
Sum andre lag		32 500

Løyving frå konto 1263 470 kulturmidlar

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Reidunn Sandvik
	sekretær

